

Matopplevelser



I Rogaland

Opplev tradisjonsrike Ryfylke!

Ryfylke ligg lunt til med eit vakkert øyrike og mange fjordar austover – “fingrane” i Boknafjord-systemet i Rogaland. Mykje av råvaretil matfylket kjem herifrå. Havbruksnæringa leverer mellom anna laks og kveite, og tradisjonsrik fruktdyrking held fram med moderne dyrkingsmetodar for å få fram nokre av dei beste jordbæra i Norge. Begge desse næringane blir breidd presentert på den årlege Frukt- og Lakse-festen i Hjelmeland. Der kan du knaska eple, nyta saftige plommer og bjørnebær og testa nye fiskerettar. Den store tomatnæringa på Ryfylkeøyane har òg sin årlege festival.

Langs Ryfylkevegen, Rv 13 og Rv 520 vil du sjå mykje sau og ku som beiter fredeleg i det irrgørne kulturlandskapet. Ryfylke sin laks, kveite og lammekjøtet har vore råvarer for fleire internasjonale kokkekonkurransar dei siste åra. For grupper fins det fleire stoppestader der ein får servert spennande rettar av desse lokale råvarene

Dag 1

Kl. 12: Ankomst Stavanger Lufthamn Sola. Avreise til Lauvvik.

Kl. 13.45: Ferje frå Lauvvik til Oanes i Forsand.

Kl. 14.15: Omvisning i Fortidslandsbyen Landa på Forsand – den einaste landsbyen frå forhistorisk tid som er funnen i Norge. Lunsj i Gildehallen med forhistorisk meny.

Kl. 16.15: Avreise frå Landa nordover på Ryfylkevegen.

Kl. 17.00: Besøk i Glasskjellaren i Bjørheimsbygd, kor kunstnaren Astri Vadla Ravnås kombinerer gammalt handverk med nyskapande formgjeving. Sjå hennar interessante demonstrasjon.

Kl. 18.00: Avreise frå Glasskjellaren.

Kl. 18.45: Ankomst og innsjekking på Spa-Hotell Velvære på Hjelmeland, som ligg heilt nede ved sjøkanten med panoramautsikt over fjorden.

Kl. 19.30: Middag på Spa-Hotell Velvære. Spennande mat basert på lokale råvarer!

Dag 2

Frukost på hotellet.

Kl. 08.55: Avreise frå Spa-Hotell Velvære.

Kl. 09.05: Ferje frå Hjelmeland til Nesvik. Køyring nordover på Ryfylkevegen.

Kl. 10.15: Omvisning på Strandstaden Jelsa – den best bevarte strandstaden i Ryfylke – med Jelsa kyrkje og Skulemuseet. Den vakre trekyrkja på Jelsa er frå 1647. Sjå det blå stjernetaket!

Kl. 11.30: Avreise nordover frå Jelsa.

Kl. 12.30: Lunsj i “lordlege” omgivnadar på Lakselottet Lindum, som ligg like før Suldalsosen. Lakselottet Lindum blei bygd på slutten av 1800-talet av ein engelsk aristokrat, og har sitt eige venlegsinna gjenferd.

Kl. 14.00: Avreise til Kolbeinstveit Bygdetun ved Suldalsvatnet – eit av Ryfylkemuseet sine mange anlegg. Kolbeinstveit er ein storgard frå 1850-talet, om lag 5 km aust for Suldalsosen. Etter omvisning blir det tur på Suldalsvatnet med Suldalsdampen – det gamle dampskipet frå 1885 som ligg til kai like nedanfor tunet.

Kl. 16.30: Avreise vestover frå Kolbeinstveit.

Kl. 17.00: Ankomst Ryfylke Fjordhotel på Sand, som ligg vakkert til heilt nede ved Sandsfjorden. Innsjekking.

Kl. 19.00: Middag i restauranten på Ryfylke Fjordhotel, med flott utsikt over fjord og fjell. Godt kjøkken som serverer tradisjonsrik mat.

Dag 3

Frukost på hotellet.

Kl. 08.30: Sentrumsvandring på Strandstaden Sand og omvisning i Laksestudio og på Nesasjøhuset – Ryfylkemuseet sitt hovudsete. I laksestudioet kan du sjå laks og aure på veg opp elva for å gyte.

Kl. 10.15: Avreise sørover på Ryfylkevegen.

Kl. 11.00: Besøk på Mikal's Laks – ei familiebedrift på Nesvik som m.a. produserer røykt og grava laks etter tradisjonsrike oppskrifter. Smaksprøver.

Kl. 12.00: Ferje frå Nesvik til Hjelmeland.

Kl. 12.30: Lunsj på Høiland Gard i Årdal, som serverer tradisjonsmat i

lokale med særpreg.

Kl. 14.00: Ein kikk på Årdal gamle kyrkje, ei raud renessansekyrkje i tre frå same tid som kyrkja på Jelsa, men her med eit forunderleg rose mala interiør.

Kl. 15.00: Avreise frå Årdal på Ryfylkevegen.

Kl. 16.00: Nyt utsikten frå Ryfylkegarden Holta i Bjørheimsbygd med ein kaffikopp og noko søtt.

Kl. 17.30: Avreise frå Ryfylkegarden Holta.

Kl. 17.45: Ferje frå Tau til Stavanger.

Kl. 18.30: Ankomst Stavanger og transfer til Stavanger Lufthamn Sola.

For meir informasjon – kontakt Reisemål Ryfylke: telefon 51 75 95 10 info@ryfylke.com

www.ryfylke.com

